



LINDÅS KOMMUNE
Teknisk etat
Byggesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Arkiv: 141/007
Saksmappe: 00/02943-2
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Andre Baraldsnes

Kvamsvåg
5911 ALVERSUND

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
130/01	Delegert sak handsama av bygningssjefen	21.06.01

Korrigert 27.11.02

Søknad om utsleppsløyve Andre Baraldsnes - Gnr.141 Bnr.007 - Kvamme Nedre

Dokument :

Søknad om utsleppsløyve, motteken 20.10.2000
Følgjeskriv
Situasjonsplan 1:1000
Uttale frå slamtransportør J.Birkeland

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld utviding av eksisterande godkjent utslepp frå eksisterande bustad, til å omfatta installering av WC i båthus (som har utedo i dag) og avløp frå nytt hus som skal byggjast på gammal branntomt.

Vurdering :

Når leidningen vert ført ut på større djupn og lenger frå badeplassen enn den som ligg der i dag, vil det betra forholda i vågen.

Vedtak :

Søknaden om utsleppsløyve vert godkjent med heimel i *Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg, fastsett 12.04.2000* og *Lokal forskrift for bruk av separate avløpsanlegg i Lindås kommune* på følgjande vilkår :

1. Avløpsslangen skal forlengast ut til min. 25m djupn
2. Tilkomstveg skal vera tilfredsstillande for vanleg tømming med slamsugarbil.


(forts.)

3. Utsleppsleidningen skal definerast som fellesanlegg. Det vil seia at andre eigedommar i området skal kunna knyta seg til anlegget mot deltaking i kostnader. Det må leggjast til rettes for at slik tilknytning kan skje utan store hindringar og utan å måtta rasera hagar osv.
4. Før arbeidet kan setjast i gang, skal godkjent rørleggjarfirma senda inn søknad om løyve til tiltak særskilt for anlegget, eller som del av byggjesak, med dokumentasjon på at anlegget tilfredsstillar *Normalreglement for sanitæranlegg*.

Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova må vera sendt inn seinast 3 år etter at løyvet er gitt, jf. Pbl. § 96, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

for bygningssjefen



Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi: Lindås Rør & Sanitær AS, 5914 Isdalstø